

10.02.2020

Til Hovudutvalet for opplæring og kompetanse ved Vestland.

Det fantastiske Vestland.

Vi har høyrte at «Alt skal bli så mykje betre berre vi vert større»

Men no er realitetane begynt å syne seg, alt som har stoppa opp og ikkje verkar lenger, kjem fram.

Vigo, søkebasen for vidaregåande opplæring, fungerer ikkje på same måte lenger og kan ikkje bli som før heller, får vi opplyst.

I Sogn og Fjordane kunne ein tidlegare endre kva skule/linje ein sette øvst når ein søkte om læreplass. Ein kunne gå frå allmennfag eller andre fag som ikkje er typiske lærlingfag og søke om læreplass.

Dette går ikkje an i Vestland, og det går heller ikkje an å gjere noko med får vi opplyst. For å ikkje misse retten til opplæring neste år, må ein søke på ein skuleplass ein veit ein ikkje vil gå på, elles dett ein ut av opplæringssystemet.

På Leikanger seier dei dette aldri har vore eit problem tidlegare. Men den som hadde tilgang til å rette datatekniske problem/utfordringar i Sogn og Fj. tidlegare, har ikkje slik tilgang lenger. Kven som skal fikse slikt veit dei ikkje i Sogn. Vi blir fortalt at det er få som tar eller har fått tildelt ansvar i dagens etat. Dette er sterkt bekymringsverdig.

Eg er ikkje bekymra for min son. Vi skal skaffe han læreplass slik at han kjem vidare i livet sitt.

Men kva med dei som no ikkje kjem vidare på rett plass?

Bli dei skuletaparar eller Nav'arar?

Kva med dei som oppdagar dei har valgt feil linje, og vil gjere omval etter 2 års skulegang. Går det an, eller er dette vorte umogleg også?

Eg er vel eigentleg ikkje sjokkert, ein ser alle plassar i samfunnet at dess større einingane blir, dess fleire personar blir ein kasteball mellom utan å få den nødvendige hjelpa ein treng. Men eg var i utgangspunktet optimistisk til at Vestland ikkje skulle verte så stort.

Dei tilsette på opplæringskontora er rimeleg oppgitt og fortvila, seier dei. Det har ikkje vore mogleg å få sende inn nye papir til fylket frå midten av november og til dags dato. Og når søknadane om lærekontrakt kan bli godkjent er det ingen som kan svare på.

Min andre son, som skulle signere ei lærekontrakt i november, har fortsatt ikkje blitt godkjent som lærling. Og bedrifta som han jobbar i har fått varsel frå arbeidstilsynet om bedriftskontroll, og må difor lage ei midlertidig arbeidskontrakt på han slik at dei slepp pålegg. Som lærling skal han føre opplæringslogg via ein App. Dette får ein ikkje tilgang til før ein har ein godkjend avtale. Det er ein rimeleg oppgitt 16åring som i dag må skrive alt på papir, for så og føre alt inn i Appen den dagen han blir godkjent og får tilgang.

Faktura for kost og losji på internatet på Mo og Øyrane kan heller ikkje skrivast ut. Leiinga på skulen seier til elevane at dei miste den tilgangen 15.11.2019. og dette skal no gjerast frå Bergen. Men av kven og når dette blir gjort, kjenner dei ikkje til. Og så seier dei til elevane at dei ikkje må bruke opp stipenda sine, for rekninga kjem ein vakker dag, og då må den betalast.

Dette er elevar frå 16 til 19 år. Eit fåtal av desse klarar å spare pengar. Eg synest det er synd at det som burde vere ansvarlege vaksne, ikkje klarer å få sendt ut faktura til desse elevane. Det er tross alt snakk om 5 400 kr pr måned, så gjelda til desse elevane er i skrivande stund på 10 800 kr til Vestland fylke.

Mo og Øyrane driv også med diverse kurs retta mot bedrifter og privatpersonar.

Min 16åring var sist fredag og laurdag på motorsagkurs på Mo. Kursbevis fekk dei etter endt kurs, og skulen vart av deltakarane oppmoda om å sende ut faktura snarast. Men fekk då til svar: Vi har ikkje hatt tilgang til å fakturere sidan 15.11.19. Dette blir no gjort frå Bergen, og når dei gjer dette veit vi ikkje. Men faktura kjem nok ein dag skal de sjå, og då må den betalast.

Det må begynne å vere snakk om store beløp som Vestland fylke har uteståande rundt omkring. Dette bør bekymre nokon snart!

Kanskje på tide å ta eit lite steg tilbake ? til eit system som fungert godt og ein kunne stole på før 15.11.2019.

Helsing ein sterkt bekymra

Sølve-Andre Lien.

Åfjordvegen 877.

6958 Sørbovåg.